



Bygdenytt



eit informasjonsblad frå Valle kommune

MARS 2025

KULTURPRISEN 2025

Det er mange som gjer ein stor innsats i lokalsamfunnet vårt, og det å bli foreslått til kulturprisen kan motivere til vidare innsats.

Veit DU om ein eller fleire som fortener honnør for innsatsen?

I så fall vil vi oppmode deg til å sende inn forslag!

Hugs at forslaget må vere grunngjeve.

Send til Valle kommune, postboks 4, 4746 Valle eller
torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no

Innsendingsfrist: 15. mars.

UKM

BYKLE OG VALLE 2025

8. MARS

Hovden grendehus

- Framsyninga startar 15:30
- Kunstutstilling i foajeen
- Kaffi, kake og leik i gymsalen

Velkomen!



Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

TEKNISK INFORMERER

Strøsand

Privat kan hente bøtter med sand til privat bruk på industriområdet i Øyne i Valle og ved reinseanlegget på Rysstad.

KULTUR OG FRITID INFORMERER

Kulturmidlar

Valle kommune deler ut kulturmidlar til frivillige lag og organisasjonar. Den totale summen som blir delt ut er kr. 75 000. Søknadskriteria og søknadsskjema finn du på

www.vallle.kommune.no. Vi gjer merksam på at søknad **må** leverast elektronisk.

Søknadsfrist 15.mars.

Utviklingsstipend innan kultur og idrett for ungdom

Valle kommune deler ut utviklingsstipend for ungdom i alderen 13-25, som ønskjer å satse spesielt målretta innafor kultur eller idrett. Meir informasjon og elektronisk søknad finn du på www.vallle.kommune.no. Merk at dersom du har fått utviklingsstipend tidlegare må du fylle ut ei kort rapport når du fyller inn ny søknad.

Søknadsfrist: 15. mars.

Familiekort Valle IL

Valle kommune refunderer kontingent/årsavgift for medlemskap i Valle IL for barnefamilialar.

Familiar med barn under 16 år (gjeld til og med det året barnet fyller 16 år) kan få refundert kontingent kr. 200 per medlem, inntil kl. 800 per familie. Søknadsprosessen er enkel, du må berre passe på at du har kopi/skjermbilete av kvittering for betalinga å leggje ved søknaden.

Søknadsskjema finn du på

www.vallle.kommune.no, under Kultur og fritid - Andre tilskotsordningar.

Frist for innsending til Bygdenytt for april er 20. mars.

Send til sentralbord@valle.kommune.no
Aktivitatar og arrangement som skal inn i Aktivitetskalenderen på heimesida vår bed vi deg sende inn så snart du har dato klar.

Nytt frå Bygdekinoen

Frå og med mars har vi ny kinomaskinist, då vår dyktige og superhyggelege maskinist Tor P. Saltrøe går over i anna stilling. Vi ønskjer ny maskinist Dennis Krogh-Vennemo hjarteleg velkomen til oss!

Elles minner vi om at sjølv om det framleis går an å kjøpe kinobilletter i døra, set vi stor pris på om du førehandskjøper på nett. Dette gjer det mykje lettare for oss å planlegge kinokvelden, mellom anna med tanke på mengde popcorn m.m.

Billetter kan du enkelt kjøpe på www.bygdekinoen.no / Hylestad soknehus og du kan betale både med Vipps og bankkort.

Attgløymde klede/utstyr på Sæbyggjen

Dreg du kjensel på noko her? Vi har samla opp ein del attgløymde luer, bøffar, hanskar, jakker, paraplyar og hjelmar - kanskje du ser noko her som er ditt eller poden sitt?

Hentefrist 15. mars.



Vi ønskjer ditt innspel til drift og innhald – nye Valle kultursenter!

Valle kommune oppmodar alle – ikkje minst lag og organisasjonar – til å kome med innspel til korleis de ser føre dykk innhaldet i det nye kultursenteret vårt. Innspela vil vere med på å danne grunnlag for utarbeiding av ein heilskapleg plan for Valle kultursenter, som er ei bestilling frå Valle kommunestyre.

Dette er døme på kva vi gjerne vil ha innspel på:

Korleis skal bygget som heilskap driftast? Kva kan vi i fellesskap gjere for at det skal vere eit ope hus, eit hus som alle ønskjer å bruke, og som folk i alle aldrar føler tilknytning og eigarforhold til? Korleis skal vi leggje opp arrangement og aktivitetar slik at flest mogeleg vil ønskje å delta, og bruke bygget mest mogeleg både til kvardag og i helger? Korleis skal vi fylle bygget med aktivitet flest mogeleg timar i veka – og korleis skal dette organiserast? Kva ønskjer **du** å oppleve når du stikk innom der ein vanleg tysdag, og kva ønskjer du å kunne oppleve der ein laurdag føremiddag eller ved andre høve?

Det nye arealet som vi ønskjer innspel til omfattar altså sal, scene (flat) og teleskoptribune (kan skuvast heilt inn til veggen), ein liten backstage mellom scene og ungdomslokalet som ligg rett i bakkant av scenen, ungdomslokale med 2 rom pluss hems. I tillegg ny inngang med foajé-/kaféområde, stort kjøkken. Alle desse roma er på ei flate (bortsett frå hems). Du finn teikningar av innvendig romplan på www.valle.kommune.no.



Send ditt innspel til leiar Kultur og fritid torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no så snart som mogeleg, for eg er skikkeleg spent på å høyre frå deg!

Du kan også sende som vanleg brev til Valle kommune v/Kultur, postboks 4, 4746 Valle.

Innsendingsfrist: 1.april.

Velkomen til inspirasjonskveld i Kyrkjestoga i Valle med tema «Kva gjev livsglede?»

Fredag 21. mars, kl. 17.

Musikk med Maija Lindaas, Reidar Skaaland og Espen Egeland.


Magne Kjetså og Olav Nilsen samtalar over temaet «Kva gjev livsglede?»

Svein Kleivane deklamerer lystelege dikt og prostdiakon Åse Gudrun Thortveit leiar kvelden.

Det blir servering av gryterett og andre godsaker.

Velkomen til ein kveld der du gjeng heim endå meir glad enn då du kom!

Arrangør: Styret i prostdiakonisasamarbeidet i Øvre Otredal.



OPE MØTE OM KVINNEHELSE


TYSDAG 25. MARS KL. 19.00 I SÆBYGGJEN

Digitalt foredrag av Liv Bjørnhaug Johansen,
som mellom anna har
skrive boka

«Diagnose: kvinne: Hvordan
kvinnehelse havnet i medisins blindsoner».

Gratis inngang.
Servering av mat kr. 50 pr. pers.


Arr.: Valle bygdekvinnelag og Valle bibliotek



SØRLANDETS
LITTERATURPRIS

Nominerte 2025


SKJØNNLITTERATUR



1. Line Baugstø

Evil grandma

Oktober
2024



2. Karl Ove
Knausgård

Arendal

Oktober
2024



3. Anngjerd Rustand

Umiskjennelig hennes

Gyldendal
2024


SAKPROSA



4. Birger Emanuelson

Før de forsvinner

Cappelen Damm
2024



5. Kathrin Pabst

Bestefars bunker

Oktober
2024



6. Nanne Stølmacher

Vevd fargeglede

Skald
2024

Stem her: sorlandetslitteraturpris.no



“Digital til kvardags”

Eit samarbeid mellom Valle pensjonistlag og Valle bibliotek

Tysdag 11. mars kl. 10.00 blir det nytt “digital til kvardags”. Vi ser på ulike måtar ein kan øve seg på å meistre nødvendige digitale plattformer. Ta med mobil og nettbrett eller bærbar PC.

Gratis med enkel servering.

TOROLF E. KROGLUND

EPLET



EN REISE I EDENS HAGER

CAPPELEN DANSEN

Tematreff i biblioteket

Torolf E. Kroglund kjem for å halde foredrag om søteplet si reise før me fekk dei i våre hagar og på våre bord.

Valle pensjonistforening og Valle bibliotek inviterer til digitalt foredrag i Sæbyggen torsdag 06. mars. Kl. 14.00. Gratis inngong.

Enkel servering.



Årsmøte Naturvernforbundet Setesdal

Velkomen til årsmøte måndag 10. mars kl. 18.

Det blir enkel servering og samtale frå kl. 18.30.

Årsmøtet er på Valle kommunehus. Inngong frå oppsida av bygget.



Årsmøte og kulturkveld i Setesdal Sogelag



Velkomen til

årsmøte og kulturkveld torsdag 13. mars

i Oveinang grendehus kl. 18-19

Årsmøtepapir finn du i Facebookgruppa, men om du vil ha dei på e-post kan du sende til setesdalsogelag@gmail.com.

Det blir lansering av årsskriftet med utdeling til medlemmer og foredrag med Eystein Greibrokk om blåbærekspert i mellomkrigstida.

Det blir også matservering og sosialt samvær.

Vel møtt!

Kunstsamlinga etter Olav Bjørgum

Foredrag på Setesdalsmuseet

torsdag 20. mars kl. 18.

I 2023 fekk Setesdalsmuseet store delar av kunstsamlinga etter biletkunstnar Olav Bjørgum i gåve frå familien.

Samlingsforvaltar Åse Ingeborg H. Vistad som kjenner samlinga godt vil denne kvelden fortelje kva det inneber for eit museum som vårt å få ei så omfattande kunstgåve.

Ho vil og fortelje om prosessen med å plukke ut verka som no er stilte ut på museet.

Velkomen!



Valle bruktbutikk er basert på frivillig arbeid. Overskot kjem bygda til gode i form av stønad til ulike formål. I 2024 vart det delt ut om lag kr 200 000!

Det er ein viktig butikk som mange set stor pris på.

Det er nok av folk som arbeider i butikken, og tek jamnlege vakter, men vi slit med å få folk i styret.

Har du lyst til å bruke litt av tida di som styremedlem i Valle bruktbutikk?


Du vert vald for to år.

Tak gjerne kontakt med valnemda snarast.

Helsing valnemda i Valle bruktbutikk ved

Angerd Gjerden 902 03 840

Grete Fossen 977 08 535



NOMELAND BEDEHUS

Møte med «Lys over land» (misjonsorganisasjon):

tysdag 4. mars kl. 19.00

Jørgen Tønnesen: tysdag 18.mars kl. 19.00
onsdag 19.mars kl. 19.00
torsdag 20.mars kl. 19.00

Viggo Wilhelmsen: fredag 28.mars kl. 19.00
laurdag 29.mars kl. 19.00
sundag 30.mars kl. 11.00

Hjarteleg velkomne!



Temakveld

Kyrkjestoga i Valle 04.03.25 Kl. 18:00



«Den gode samtalen»

Med Åse Gudrun Thortveit

Minikonsert med Anna Slaby Driel
Utlodning
Servering av drikke, frukt, kake

Velkommen

Arr. Diakonitenesta i Valle

KYRKJA I JANUAR OG FEBRUAR

Valle kyrkje

Sundag 16. mars. Kl. 11.00. Gudsteneste med sokneprest Toralv Frøysaa Lie og organist Eirik Hodnemyr. Kyrkjekaffi. Takkoffer/gåve til Open Heart—Ukraina.

Hylestad kyrkje

Sundag 2. mars. Kl. 16.00. Gudsteneste med prest Kristian Mosvold, Evje og Hornnes meinigheitskor og organist Eirik Hodnemyr. Kyrkjekaffi. Takkoffer/gåve til Open Heart—Ukraina.

Sundag 30. mars. Kl. 11.00. Gudsteneste med prest Kristian Mosvold og organist Eirik Hodnemyr. Kyrkjekaffi. Takkoffer/gåve til trusopplæring.

Tysdag 18. mars. Kl. 18.00. Me inviterar til open kyrkje der ein kan tenne ljós, be ei bøn eller berre vere stille. Musikk og bøn for verda frå kl. 18.30. Med organist Eirik Hodnemyr og Sissa Ringstad.

KONFIRMANTBASAR I KYRKJESTOGA

Laurdag 1. mars. Kl. 12.00-16.00 er det konfirmantbasar med konfirmantane sin eigen innsamlingsaksjon. Sal av komper, kake, kaffi m.m. Inntekta av lodd- og matsal går til Stefanus alliansen og deira arbeid med barn som bur i søppelbyen i Kairo.

Andakt på Valle bygdeheim onsdag 5. mars kl. 11.00.

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrjekontoret i Valle,
tlf. 977 84 706,
e-post: post@valle.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA
Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda

Skafsåheii fjellkyrkje

TEMAKVELD OM «FRED»

Fredag 28. februar kl. 19

ynskjer vi velkomen til ein kveld i fjellkyrkja der «fred» er temaet.

Dalen fotoklubb syner bilete som på ulike måtar symboliserer fred.

Det vert innslag av song, dikt og innlegg som vil underbygge temaet.

Enkel bevertning!

Høve til å gje ei gåve til drift av fjellkyrkja.

Arr. Fjellkyrkjelaget



Valle allidrettsklubb

**VALLEHALLI FREDAG 14. MARS
KL. 19-22**

Allidrettsklubben har samling.
Det blir aktivitetar i hallen,
kiosksal og andakt ved
Björgulv T. Berg.



HUGS å sende informasjon om arrangement og aktivitetar til oss på sentralbord@valle.kommune.no, så legg vi det inn i aktivitetskalenderen på heimesida til Valle kommune!

HAR DU PANT?

6. klasse på Valle skule samlar panten din til inntekt for skuletur. Me skal delta som jury på "Bokslukerprisen" i Oslo i April.

Tomgodset kan settes ut på trappa/ved postkassa, så kjem elevane og henter det 17. mars etter klokka 17.00.

TUSEN TAKK!



**Stad: Sæbyggjen
Dato: Tysdag 18.mars
Klotteslett: 19.00**

SPISELIG HAGE - FOREDRAG MED DENNIS ASBJØRNSSEN

Til dagleg når Dennis ut til 115 000 menneske på sosiale medium. Hans oppdrag er å få heile Noreg til å dyrke sin eigen mat.

Han fortel om seg sjølv, kjøkkenhagen sin og si dyrke-historie: Kva har han gjort i sin eigen kjøkkenhage? Korleis skapar du ein kjøkkenhage? Metodar og tips for å dyrke enkelt, billig og berekraftig!

Arrangør: Folkeakademiet Valle i samarbeid med Valle jordbruksklubb
Billettar: Kr 200 for ikkje medl. / kr 100 for medl. / gratis under 25

**FOLKE
AKADEMIET**



Hugs å laste ned appen Civis og - følg og få med deg siste nytt!

Besøkstenesta i Valle

*Invitasjon til alle som ønsker besøk.
Uforpliktende og for alle aldrar*

Eller kjenner du nokon som kan tenkje seg å få
besøk?



ONSDAGSKAFEEN

Hjarteleg velkomen til onsdagskafé onsdagar kl. 1030 på Valle bygdeheim!
Her er det og mogleg å kjøpe seg middag for ein billig penge, og ofte har vi besøk med underhaldning,
ein liten konsert eller anna.

Onsdag 5. mars kl. 11 er det andakt på onsdagskafeen .

[illegible]

BASAR PÅ VALLE BYGDEHEIM
LAURDAG 5.APRIL KL. 1100-1700

Trekning kl. 1600

Sal av lapskaus, kaker og kaffi.

Åresal og loddosal frå bok gjennom heile dagen

- og flotte gevinster å vinne!

Du finn loddbøker på Valle bygdeheim, Coop Prix Hylestad, Coop Prix Valle og Joker Valle fram til basaren.

Har du lyst til å støtte basaren med ein gevinst? I så fall kan du kontakte Bjørg Straume på tlf. 957 08 242 eller levere direkte til Valle bygdeheim.

ALLE HJARTELEG VELKOMNE!

VALLE IL 3V3 INNENDØRSCUP

VELKOMMEN TIL VALLE IL 3V3-CUP!

BLI MED PÅ EN ACTIONFYLT FOTBALLDAG I VALLHALLI ANDRE
LØRDAGEN I MARS.

STED: VALLHALLI

DATO: LØRDAG 8. MARS

TID: KL. 10.00-14.00

SPILLFORMAT:

3 MOT 3 PÅ EN 15X10 METER BANE

INGEN KEEPER – SMÅ MÅL GIR EKSTRA UTFORDRING

PASSER FOR BARN FRA 6-16ÅR

MIX-LAG ER HJERTELEG VELKOMNE

PRIS: 100 KR PER LAG (BETALES VED OPPMØTE)

GRIP SJANSEN TIL Å SKAPE GODE MINNER OG OPPLEVE EKE
FOTBALLGLEDE. VI GLEDER OSS TIL Å SE DEG DER!

PÅMELDING:



PÅMELDINGSFRIST
28.FEBRUAR

Informasjon, program og
kampoppsett blir sendt ut
etter påmeldingsfristen.

Ved spørsmål kontakt
på e-post:
post@valle-il.no



Det blir salg av pølser,
drikke og noen kioskvarer.
Grunnet ombygging blir det
ikke storkiosk

BROKKE SKIRACE

Ver med på skifest i Brokke!

Valle IL arrangerer skirace laurdag 8. mars saman med kretsmeisterskap.

Det vil vere distansar for alle, med 15km og 30km med og utan tid, og ca 60km for dei som vil ha ei skikkeleg styrkeprøve!

For meir informasjon og påmelding, sjå arrangement på facebook eller kontakt Solveig

Kyrvestad
tlf: 91247155

BROKKE ALPINSENTER SESONG 2024/25



Sjå detaljert program og oversikt over opningstider på **brokke.com**

MARS

1. mars	Pubkviss i Nistebui
8. mars	Brokke Turrenn
15. mars	Pubkviss i Nistebui
29. mars	Pubkviss i Nistebui

APRIL

12. april	Musikkbingo i Nistebui
16. april	Slalomrenn i barnebakken
17. april	Storslalåm
18. april	Påskeeggjakt
19. april	Ta sjansen og påskefest
21. april	Sesongslutt
26. april	Brokke Bakkedragrace



Fredag 12.00 - 20.00
Laurdag 10.00 - 16.00
Sundag 10.00 - 16.00

🥚 PÅSKE

Ope kvar dag i påska
frå 12. april til og med
21. april kl. 10.00 - 17.00

Afterski kvar laurdag kl. 15
Med atterhald om vær og føre.



Skann QR-koden for meir informasjon om opningstider, eller les meir på **brokke.com**





Bygdekinoen

MÅNDAG 3. mars



Kl. 1700 - 6 år. Kaptein Sabeltann og Grevinnen av Gral.

Set segla for eit spennande sjørøvaraventyr når Kaptein Sabeltann og Ravn kjempar mot Sibylla og hennar fryktinngytande drake i ein kamp som berre kan vinnast med mot, venskap og rottesuppe!



Kl. 1900 – 12 år. Captain America: Brave New World.

Etter eit møte med den nyleg valde amerikanske presidenten Thaddeus Ross (Harrison Ford), står Sam (Anthony Mackie) overfor ei internasjonal hending. Han må finne ut av årsakene til eit grusomt globalt komplott før den som står bak det får heile verda til å sjå raudt.


MÅNDAG 17. mars

Kl. 1700 - 6 år. Super-Charlie.



Ti år gamle Wille har alltid drøymt om å bli ein superhelt og kjempe mot kriminalitet saman med faren sin, som er politimann. Men då veslebror Charlie blir fødd, knusast draumen hans. Ikkje berre får Charlie all merksemda heime, men Wille oppdagar også at veslebror har superkrefter! Når så ein superskurk og ein forvirra vitskapsmann set i gang sin vonde plan, må Wille og Charlie leggje bort all syskenjalousi og slå seg saman som eit team – eit super-team!

Klokka 1900 - film ikkje sett opp enno.



MÅNDAG 31. mars

Kl. 1700 – 9 år. Snehvit

Dette magiske musikkeventyret tek oss med tilbake til historia med Snøhvit, Den vonde dronninga, Brille, Lystig, Søvnig, Blygen, Prosit, Sinnataggen og Minste.

Kl. 1900 - film ikkje sett opp enno.

Kjøp gjerne kinobillett på www.bygdekinoen.no. Der finn du også info om komande filmar. Film er best på kino - støtt din lokale kino!

Vi har eigen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt anna snacks og drikke. Velkomen skal du vere!

FAST KVAR TORSDAG I

VALLE BIBLIOTEK - SÆBYGGJEN:

Kl. 1700-1800: Song for alle.

Uformell songstund for vaksne som liker å synge. Anna Slaby Driel er songleiar, og du er velkomen til å synge med stemmen du har!

Kl. 1800-1930: Språkkafé.

Alle hjarteleg velkomne - vi pratar, spelar spel, drikk kaffi/te med meir.

Kva skjer?

01.03. Kl. 12	Konfirmantbasar, Kyrkjestoga
02.03. Kl. 16	Gudsteneste, Hylestad kyrkje
03.03. Kl. 17/19	Bygdekinoen
04.03. Kl. 18	Temakveld «Den gode samtalen», Kyrkjestoga
04.03. Kl. 19	Møte med «Lys over Land», Nomeland bedehus
05.03. Kl. 1130	Andakt, Valle bygdeheim
06.03. Kl. 14	Tematreff, digitalt foredrag: Eplet, Sæbyggjen
08.03. Kl. 09	Brokke skirace, Brokke alpinsenter
08.03. Kl. 10	3v3 innandørs fotballcup, Vallehalli
08.03. Kl. 15.30	UKM Bykle og Valle, Hovden grendehus
10.03. Kl. 18	Årsmøte Naturvernforbundet Setesdal, Valle kommunehus
11.03. Kl. 10	Digital til kvardags, Valle bibliotek
12.03. Kl. 18	Handarbeidskveld, Husfliden
13.03. Kl. 18	Årsmøte Setesdal Sogelag, Oveinang grendehus
14.03. Kl. 19	Allidrettsklubb, Vallehalli
16.03. Kl. 11	Gudsteneste, Valle kyrkje
17.03. Kl. 17	Bygdekinoen
18.03. Kl. 18	Open kyrkje, Hylestad kyrkje
20.03. Kl. 18	Foredrag: Kunstsamlinga etter Olav Bjørgum, Setesdalsmuseet
05.02. Kl. 10.30	Onsdagskafeen med andakt, Valle bygdeheim
21.03. Kl. 17	Inspirasjonskveld: Kva gjev livsglede? Kyrkjestoga
25.03. Kl. 19	Ope temamøte om kvinnehelse, Sæbyggjen
29.03. Kl. 09	Vallecrossen, Åraksøyne
30.03. Kl. 11	Gudsteneste, Hylestad Kyrkje
31.03. Kl. 17	Bygdekinoen